

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Bjerkreim

Emne: Brynet

Bygdelag: Nedre bygda

Oppskr. av: Jørgen Skjæveland

Gard: Hordaland

(adresse): Vikesa

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Det meste

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Noko: Anna Skjæveland, 76 år gammal (Bjerkreim)

SVAR

1. Brynet heter kvassstein. Gjerningsordet er i kveggja (skrivst: kvegja) Brøjest: i kveggja - kvede - kvatte (kvegde) - kvatt (kvegd). Berre sers fine kvasssteinar kalla hein, slike som mykkast til rakeknivar, sokser, hovletomn a.a.

2. För brukte ein alltid berre naturstein til kvassstein. Siste 20 åra vert det brukt mykje kunststein, serlig siste åra er det mange som kjøper dei kunststeinane som er i handelen. Fjella i bygda er granitt og gabro, difor er her ingen brynesteinbergart. Dei naturlege kvasssteinane får me vel helst fra Hordaland eller Sogn.

3. Alle reiskapene vert først slipt på rund Stein og etterpå kvest med kvassstein. Berre rakekniv (barber) vert berre kvest på hein.


4. Gamle folk på 60-70 år kan ikke minnast tynslelgi, men dei fortel at "før" tynde dei gjæn. Kvar kveld når dei kom heim fra slitten, gjekk dei til smia og tynde ute gjæne. Kvar mann tynde ut sine gjær.

5. Dei hadde ãn ein stor kvarstein som dei heldt mellom knea opp mot brystet, og så førde dei ljaegget opp og ned langs kvarsteinen. Attmed stod ei byttarvatn. Dei grunnsliste då. Men store jordfaste steinar var ikke brukte til slipa på. Runde slipesteinar som sviv har vore brukt i virsleg i minst 100 år. Dei festa steinen til ein horizontal hatt som vatnet dreiv. Desse steinane var for det meste attmed kverva. Men dei hadde ãn ein slipenstein ståande heime i garden (hinet) I siste 10-15 åra har mange slipenstein ståande på båren eller utanfor, dregen med elektrisk kraft. Dei tok aldri med seg slipensteinen på sløtteinigen, men dei hadde så mange ljaer med seg at dei berre slipte kvar kveld når dei kom heim fra sløtten

6. I tur ver med turt gras må me slipa ljaane fleire gonger om dagen (om ein brenn her ein lja) I regnvær kan ein slå med ljaen ein halv dag. Eg trur dei sliper ljaane oftare no enn før.

7. Her i bygda brukar ein - og har alltid brukta som me veit om - bare ein kryne av Stein (naturleg sidan ãn künstig)

8. I bygda mi brukar dei jamnan alltid langoro, difor løysar dei ljaen or orvet når han er utskjend. Når dei slipte, heldt dei egget på ljaen mot seg. Her er nokre teikningar koss dei festar ljaen til orvet:



1. Tjoet (uttala: kjøa) (ut)
2. Ljanakkjen (jänakkjen)
3. Eggel (eggja)



Spila
(av tre)
(ii)



Holkjén
(av jern)
(ein)




ljæn Odden på ljæn fra oss.

Holkjén

Spila

Orvet



kvet

8. Når dei koegde ljæn i langorvet, set dei oppen på orvet eit steg fra seg mot jorda. Venstre handa held dei oppi ljanakkjen og kved med kvasssteinen med høgre ^{på høv av ljæn} ~~hænde~~, anvankvar gong på bæ sider av ljæn, fort og hardt. - Såme kved so gonger etter kvar andre på kvar sida. Kvasssteinen fører dei så nærmere venstre handa at dei må lyfta tomen i vret kvar gong kvasssteinen kjem på øvre sida av ljæn - kvasssteinen smyk under tomen. Dei tek til med tjoet og sluttar i toppen odden.

10. Oppen dei ber kvasssteinen i heiter ein skolp (open o) I eldre tider var han av tre, hola ut or ein stokk. På den eine siden var han flat. Dei siste 30 ari har skolpane vore av ~~to~~ blikk.

11. Ne kjemmer ikkje til at nokon har brukt horn til skolp.



skolp
(ein)

12. I eldre tid hadde dei ei reim kring livet, ei skolpareim, som dei hengde skolpen i på baken. Sida hengde dei skolpen i bukschampa bak på buksa eller mellom seletampane oppi buksekanten. Det minkar av meir og meir med si mykta skolp.

13. Natursteinen fuktar dei med vatn som

er i skolpen - ikkje noko anna. Det treffer nok at ein spittar på kvasssteinen om dei ikkje hev vatn, men då må han snart vaskast rein att. Men kunststeinen vert ikkje alltid fukta.

14. Mjølet som vert liggjande att i skolpen kallar me kveggjemjølet. Det vert ikkje brukt til anna enn til pussa rustet av jern med (n. d. bordknivar) Noko lækje- eller trolldomskraft i dette mjølet kjemmer me ikkje til.

Spiørsmålet 15, 16, 17, 18, 19, 20 kjemmer me ikkje noko til i Nedre bygda i Bjerkreim.

Sitat:

Sitat or Sem Austrundal : "Bjerkreim"

Stykket av Jan Peteren : "Bjerkreim i hedensk tid":

- „En liggende slijestein av kvarts har den inndertid vært den som i 1912 fantes oppé på Hælland (Bjerkreim) Som gnidningsmiddel under slijingen har de sikkert brukt vakt sand.“ - Denne steinen fann dei ei spadeferd under molda ved mydyrkning.